



## NOREGS HØGSTERETT

Den 16. august 2011 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Gjølstad, Matningsdal og Utgård i

### **HR-2011-01550-U, (sak nr. 2011/974), sivil sak, anke over orskurd:**

I.

Wilfred Rohde Garder (advokat Kåre Idar Moljord)

mot

Ole Christian Schrøder  
Ruth Schrøder (advokat Morten Steenstrup)

Anne Sophie Aarheim (advokat Harald S. Kobbe)

II.

Werg AS (advokat Fred Arne Gade)

mot

Ole Christian Schrøder  
Ruth Schrøder (advokat Morten Steenstrup)

Anne Sophie Aarheim (advokat Harald S. Kobbe)

III.

Ole Christian Schrøder  
Ruth Schrøder (advokat Morten Steenstrup)

mot

Wilfred Rohde Garder (advokat Kåre Idar Moljord)

Werg AS (advokat Fred Arne Gade)

IV.

Anne Sophie Aarheim (advokat Harald S. Kobbe)

mot

Wilfred Rohde Garder (advokat Kåre Idar Moljord)

Werg AS (advokat Fred Arne Gade)

sagt slik

**O R S K U R D :**

- (1) Saka gjeld særskilte ankar over lagmannsrettens sakskostnadsavgjerd i ei sivil sak, og dessutan avleidde ankar til desse særskilte ankane.
- (2) Ole Schrøder overførte 27. november 2006 to tredelar av aksjane i selskapa OSH AS og Anco Enterprises AS til to av borna sine, Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim. Ved ny avtale 9. februar 2007 vart det avtala at desse aksjane skulle innløysast mot at dei to kvar skulle få ei betaling på 3 000 000 kroner. I avtale 15. februar 2007 overdrog Ole Schrøder så desse to tredelane av aksjane til advokaten sin, Wilfred Rohde Garder. Innløysinga vart ikkje gjennomført. Aksjane vart verande hos Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim fram til dei 2. mars 2007 skreiv under avtalar som innebar overføring av aksjane til Werg AS. Det må ut frå lagmannsrettsdommen i saka leggjast til grunn at Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim ikkje vart gjort kjende med at Wilfred Rohde Garder var eineaksjeeigar i Werg AS. Ole Schrøder døydde 23. juni 2007. Attlevande ektemake, Ruth Schrøder, sit i uskifta bu etter mannen.
- (3) Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder reiste 11. mars 2009 søksmål mot Wilfred Rohde Garder og Werg AS ved Oslo tingrett, med påstand om at avtalane inngått i februar og mars 2007 var ugyldige. Dei kravde prinsipalt aksjane tilbakeførte til Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim, subsidiært til Ruth Schrøder. Vidare kravde dei at utbetalt utbyte og ein fast eigedom skulle tilbakeførast til selskapa. Ruth Schrøder sette også fram krav om skadebot for aktlaus rådgjeving, og Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder kravde erstatta advokatkostnader i samband med ei klagesak mot Wilfred Rohde Garder i disciplinærorgana for advokatverksemd. Endeleg vart det kravd mellombels åtgjerd mot disposisjonar eller handlingar som kunne svekkje verdet av selskapa.
- (4) Oslo tingrett sa dom og orskurd 12. november 2009 der Wilfred Rohde Garder og Werg AS vart frifunne og tilkjende sakskostnader med 4 030 100 kroner.
- (5) Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder anka til lagmannsretten når det gjaldt spørsmåla om avtalane var gyldige og om tilbakeføring av aksjar, utbyte og fast eigedom. Påstanden vart endra såleis at utbytet ikkje skulle tilbakeførast selskapa, men tilfalle Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim, subsidiært Ruth Schrøder, direkte.
- (6) Borgarting lagmannsrett sa dom 4. mars 2011 med slik slutning:

**”Domsslutning:**

1. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til å tilbakeføre 334 aksjer i OSH AS og 7 aksjer i Anco Enterprises AS til Ole Christian Schrøder innen to uker fra forkynnelsen av dommen.**
2. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til å tilbakeføre 333 aksjer i OSH AS og 7**

**aksjer i Anco Enterprises AS til Anne Aarheim innen to uker fra forkynnelsen av dommen.**

3. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til innen to uker fra forkynnelsen av dommen å betale til Ole Christian Schrøder:**
  - a) 250 000 – tohundreogfemtitusen – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 29. juni 2007 til 4. mars 2011
  - b) 1 500 000 – enmillionfemhundretusen – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 12. september 2007 til 4. mars 2011
  - c) 3 000 000 – tremillioner – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 18. august 2009 til 4. mars 2011

med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsestidens utløp til betaling skjer.
4. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til innen to uker fra forkynnelsen av dommen å betale til Anne Aarheim:**
  - a) 250 000 – tohundreogfemtitusen – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 29. juni 2007 til 4. mars 2011
  - b) 1 500 000 – enmillionfemhundretusen – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 12. september 2007 til 4. mars 2011
  - c) 3 000 000 – tremillioner – kroner med tillegg av 3 % avsavnsrente fra 18. august 2009 til 4. mars 2011

med tillegg av forsinkelsesrenter etter forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd første punktum fra oppfyllelsestidens utløp til betaling skjer.
5. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS frifinnes for krav om tilbakeskjøting av eiendommen Gustav Vigelands vei 15.**
6. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes én for begge og begge for én til å betale sakkostnader for tingretten til Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder i fellesskap med 2 882 537,05 – tomillioneråttehundreogåttitotusenfemhundreogtrettisju 05/100 – kroner innen to uker fra forkynnelsen av dommen.**
7. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes én for begge og begge for én til å betale sakkostnader for lagmannsretten til Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder i fellesskap med 2 000 000 – tomillioner – kroner innen to uker fra forkynnelsen av dommen.**
8. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes én for begge og begge for én til å betale sakkostnader for lagmannsretten til Anne Aarheim med 1 200 000 – enmilliontohundretusen – kroner innen to uker fra forkynnelsen av dommen.”**

- (7) Det vart samstundes sagt orskurd i krav om mellombels åtgjerd. Det vart i denne, i samsvar med det partane gjorde gjeldande, lagt til grunn at det der berre var tale om sakkostnader som gjaldt rettsgebyret. Utvalet går ikkje nærmare inn på spørsmål kring den mellombelse åtgjera.
- (8) Wilfred Rohde Garder og Werg AS har anka dommen og orskurden til Högsterett, og dei har dessutan anka særskilt over sakkostnadsavgjera hos lagmannsretten. Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder har gitt inn avleidde ankar til dei særskilte sakkostnadsankane.
- (9) Högsteretts ankeutval har i dag gjort vedtak, sjå HR-2011-01548-U, om ikkje å tillate hovudankane fremja. Det står då att å avgjere dei særskilte sakkostnadsankane og dei avleidde ankane til desse.
- (10) Wilfred Rohde Garder og Werg AS var i tingretten og lagmannsretten begge representerte av advokatane Kåre I. Moljord og Fred A. Gade. For Högsterett har advokat Moljord gitt inn anke på vegner av Wilfred Rohde Garder, medan advokat Gade har gitt inn anke på vegner av Werg AS. Advokat Morten Steenstrup har representert Ole Christian og Ruth Schrøder i alle

instansar. I tingretten var også Anne Aarheim representert av advokat Steenstrup. For lagmannsretten og for Høgsterett har ho vore representert av advokat Harald Kobbe.

- (11) Ankepartane, *Wilfred Rohde Garder og Werg AS*, har kvar for seg gitt inn særskilte ankar over sakskostnadsavgjerdene. Synsmåtane er likevel samanfallande, og dei kan i hovudsak samanfattast slik:
- (12) Lagmannsretten har uriktig dømt Wilfred Rohde Garder og Werg AS til å svare sakskostnader for tingretten.
- (13) Wilfred Rohde Garder vart av tingretten frifunnen for skadebotkrav frå Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder og likeins for kravet om tilbakeføring av den faste eigedommen. Avgjerdene om å ikkje tilkjenne skadebot vart ikkje anka til lagmannsretten. Frifinninga når det gjaldt tilbakeføring av eigedommen, vart oppretthalden etter anke. Det er derfor uriktig å seie at saka i tingretten vart fullstendig tapt, sjølv ut frå det resultatet lagmannsretten kom til.
- (14) Ruth Schrøder har dessutan ikkje fått medhald i noko hovudkrav verken i tingretten eller i lagmannsretten, og ho skulle då ikkje vore tilkjent sakskostnader verken for tingrett eller lagmannsrett. Tvert om skulle Wilfred Rohde Garder og Werg AS ha vore tilkjende sakskostnader frå henne. Det er her manglar ved drøftinga hos lagmannsretten.
- (15) Lagmannsretten har ikkje grunngitt kvifor det ligg føre tungtvegande grunnar etter tvistelova § 20-3 for å tilkjenne sakskostnader for tingretten. Dette er ein saksbehandlingsfeil.
- (16) Høgsterett kan ta ny avgjerd om sakskostnader for tingretten, jf. tvistelova § 20-9.
- (17) For lagmannsretten hadde ankemotpartane såkalla ”no cure no pay”-avtalar om salær med prosessfullmektigane sine. Etter avtalen Anne Aarheim hadde med advokat Harald Kobbe, skulle ho sjølv under ingen omstende belastast med meir enn 350 000 kroner. Det er då vanskeleg å sjå at ho kan ha hatt ”nødvendige kostnader” utover dette beløpet, jf. tvistelova § 20-5.
- (18) Det er feil når lagmannsretten ikkje har drøfta spørsmålet om å tilkjenne skadebot for sakskostnadene særskilt for kvar part opp mot det vedkomande oppnådde.
- (19) Lagmannsretten har uriktig og utan støtte i påstandane frå partane pålagt Wilfred Rohde Garder og Werg AS solidaransvar for kostnadene, jf. tvistelova § 20-6.
- (20) Verken Wilfred Rohde Garder eller Werg AS har sett fram nokon formell påstand i ankane over sakskostnadsavgjerdene.
- (21) Ankemotpartane *Ole Christian Schrøder* og *Ruth Schrøder* har særleg halde fram:
- (22) Det blir ikkje stilt strenge krav til grunngjeving av ei sakskostnadsavgjerd. I denne saka har lagmannsretten gitt ei grunngiving som er meir enn tilstrekkeleg. Dette gjeld også ved vurderinga av om det ligg føre tungtvegande grunnar etter tvistelova § 20-3.
- (23) Det er heilt klart at Ruth Schrøder skulle tilkjennast sakskostnader for dei tidlegare instansar, basert på det som vart gjort gjeldande og dei påstandane som vart sette fram.

- (24) Det går fram av dommen at lagmannsretten har drøfta sakskostnadsspørsmålet særskilt opp mot kvar part. Rett nok har ikkje lagmannsretten gjort ei særskilt vurdering av partar med same prosessfullmektig, men dette krevst heller ikkje, jf. Tore Schei mfl. *Tvisteloven* side 941. Etter tvistelova § 20-6 har lagmannsretten skjønnsmessig høve til å pålegge solidaransvar.
- (25) Lagmannsretten har korrekt tilkjent sakskostnader i medhald av tvistelova § 20-2 for behandlinga i lagmannsretten. Det var også riktig å tilkjenne sakskostnader for tingretten i medhald av § 20-3. Endeleg har lagmannsretten korrekt kome til at ein avtale om ”no cure no pay” ikkje er noko hinder for å basere sakskostnadskravet på den inngitte salæroppgåva.
- (26) Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder har gitt inn avleidd anke til sakskostnadsankane frå Wilfred Rohde Garder og Werg AS. I anken, som gjeld lovbruken, bevisvurderinga og skjønnnsutøvinga, gjer dei gjeldande at det er klart urimeleg at det ikkje vart tilkjent fulle sakskostnader for lagmannsretten.
- (27) Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder har sett fram slik påstand:
- ”1. **Anken forkastes i forhold til pkt. 6 i domsslutningen og pkt. 3 og 4 i slutning i kjennelse**
  - 2. **I domsslutningens punkt 7 gjøres den endring at Werg AS og Wilfred Rohde Garder dømmes én for begge og begge for én til å erstatte Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøders fulle omkostninger for lagmannsretten.”**
- (28) Dei har dessutan kravd sakskostnader for Høgsterett.
- (29) Ankemotparten *Anne Aarheim* har særleg halde fram:
- (30) Det går fram av salæravtalen med advokat Kobbe at salaret kunne justerast i fall Aarheim skulle få medhald i lagmannsretten. Med det resultatet ho oppnådde i lagmannsretten, har ho no plikt til å betale det honoraret som går fram av kostnadsoppgåva. Alle kostnadene har derfor vore nødvendige.
- (31) Anne Aarheim har også gitt inn avleidd anke til sakskostnadsankane, der ho gjer gjeldande at ho har krav på fulle sakskostnader for lagmannsretten. Avtalen mellom advokat og klient inneber ikkje at det skal gjerast avgrensing når saka er vunnen. Saka ville ikkje forsvarleg kunne gjennomførast innanfor den tidsmessige ramma lagmannsretten har lagt til grunn. Det er ikkje grunnlag for å seie at dei kravde kostnadene låg innanfor det som er rimeleg etter lova.
- (32) Anne Aarheim har sett fram slik påstand:
- ”1. **Anken forkastes i forhold til pkt. 6 i domsslutningen og pkt. 3 og 4 i kjennelsen.**
  - 2. **I domsslutningens punkt 8 gjøres den endring at Werg AS og Wilfred Rohde Garder dømmes én for begge og begge for én til å erstatte Anne Aarheims fulle omkostninger for lagmannsretten.”**
- (33) Ho har dessutan kravd sakskostnader for Høgsterett.
- (34) I tilsvart til dei avleidde ankane har Wilfred Rohde Garder og Werg AS gjort gjeldande at ankane berre gjeld lagmannsrettens skjønnnsutøving. Denne lid ikkje av slike feil at avgjerda kan opphevast. Dei avleidde ankane vert etter dette påstått forkasta, og sakskostnader i samband med desse blir kravde tilkjende.

- (35) *Høgsteretts ankeutval* viser til at det er tale om prøving av særskilt anke over sakskostnadsavgjerala. Utvalet kan då prøve ”lovanvendelsen og saksbehandlingen, samt bevisvurderingen så langt den utelukkende gjelder sakskostnadsavgjørelsen”, jf. tvistelova § 20-9 tredje ledd andre punktum. Skjønnsmessige sider ved avgjerala kan ikkje prøvast etter § 20-9, men etter praksis kan utvalet setje ei skjønnsmessig avgjerd til sides dersom ho synest vere vilkårleg, klart uforsvarleg eller grovt urimeleg.
- (36) Utvalet startar med dei særskilte ankane frå Wilfred Rohde Garder og Werg AS og ser først på sakskostnadsavgjerala i tingretten.
- (37) I tingretten sette saksökjarane, Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder, fram slik påstand i hovudsaka:

**”Prinsipalt:**

1. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til å tilbakeføre 334 aksjer i OSH AS og 7 aksjer i Anco Enterprises AS til Ole Christian Schrøder innen 2 uker fra forkynnelsen av dommen.**
2. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til å tilbakeføre 333 aksjer i OSH AS og 7 aksjer i Anco Enterprises AS til Anne Aarheim innen 2 uker fra forkynnelsen av dommen.**
3. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til innen 2 uker fra forkynnelsen av dommen å tilbakeføre følgende verdier til OSH AS og Anco Enterprises AS:**
  - kr 9,5 millioner med tillegg av lovens morarente fra utbetalingstidspunktet til betaling skjer.
  - tilbakeskjøting av Gustav Viglandsvei 15 (gnr 3, bnr 332) til Osco AS mot tilbakebetaling av kr 3 millioner til advokat Wilfred Rohde Garder og sletting av lån kr 5 millioner i Osco AS
4. **Wilfred Rohde Garder og Werg AS dømmes til innen 2 uker fra forkynnelsen av dommen å betale erstatning til Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder fastsatt etter rettens skjønn.**
5. **Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder tilkjennes sakens omkostninger**

**Subsidiært i forhold til punkt 1 og 2 ovenfor**

**Wilfred Rohde Garder dømmes til å tilbakeføre 667 aksjer i OSH AS og 14 aksjer i Anco Enterprises AS til Ruth Schrøder innen 2 – uker fra forkynnelse av dommen.”**

- (38) Det er denne påstanden sakskostnadsspørsmålet for tingretten skal vurderast opp mot, sjå til dømes HR-2010-975-U avsnitt 16, og då ut frå det resultatet lagmannsretten kom til, jf. tvistelova § 20-9 andre ledd.
- (39) Er det fleire partar på same side, skal rett og plikt til sakskostnader i høve til motparten, avgjerast særskilt for kvar part, jf. tvistelova § 20-6.
- (40) Utvalet viser til at påstanden som vart sett fram av saksökjarane, var felles for alle tre. Det gjaldt både den prinsipale påstanden og den subsidiære. Dei saksøkte kan ikkje sjåast på noko tidspunkt å ha kome med innvendingar mot at det låg føre nødvendig rettsleg interesse for nokon av saksøkarane i den måten påstanden vart utforma på og som innebar at alle stilte seg

bak alle krava. Krava i saksmålet var såleis dei same for alle tre.

- (41) Wilhelm Rohde Garder og Werg AS, som var saksøkte, sette for tingretten – seinare også for lagmannsretten – fram sams krav om sakskostnader.
- (42) Det er i denne situasjonen ikkje nokon feil ved avgjerala i lagmannsretten når saksøkjarane vart vurderte under eitt ved avgjerala av sakskostnadsspørsmålet for tingretten.
- (43) Det er dermed slik – som det går fram av påstanden for tingretten samanhilde med dommen i lagmannsretten – at alle tre saksøkjarane har fått medhald i postane om tilbakeføring av aksjar og av utbetalt utbyte. For ingen av partane kan det ha noko å seie at påstanden først gjekk ut på tilbakebetaling til selskapet og seinare til Ole Christian Schrøder og Anne Aarheim.
- (44) Lagmannsretten viser til at saksøkjarane ikkje nådde fram med kravet om tilbakeføring av eigedommen i Gustav Vigelands vei 15. Om sakskostnadene for tingretten heiter det vidare i lagmannsrettsdommen:

**"Lagmannsretten skal legge sitt resultat til grunn ved bedømmelsen av sakskostnader for tingretten. De krav de ankende parter har fremsatt for lagmannsretten, ble fremsatt også for tingretten. For tingretten fremmet imidlertid Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder i tillegg ulike erstatningskrav. Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder fremmet krav om erstatning for advokatutgifter i forbindelse med prosessen for disciplinærmyndighetene. Ruth Schrøder fremmet dessuten krav om erstatning fra Wilfred Rohde Garder for uaktsom rådgivning i forbindelse med hennes overføring av aksjer til Per Engen. Disse kravene er ikke opprettholdt for lagmannsretten."**

Lagmannsretten finner det ut fra dette noe tilsomt om Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder kan anses å ha vunnet saken for tingretten. Retten finner det ikke nødvendig å ta stilling til dette idet retten uansett finner at Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder må tilkjennes fulle sakskostnader for tingretten etter tvisteloven § 20-3. Det fremheves i Norsk lovkommentar, note 971 til tvisteloven, med videre henvisning til forarbeidene, at det ikke er nødvendig at retten tar stilling til den nærmere grensedragningen i et tilfelle hvor retten uansett finner grunnlag for å tilkjenne sakskostnader. Lagmannsretten bemerker at de ankende parter med lagmannsrettens resultat har fått medhold i de grunnleggende spørsmålene også slik saken sto for tingretten. Det må legges til grunn at meirkostnadene knyttet til de erstatningskravene som var fremmet av Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder, var av begrenset omfang."

- (45) Som det går fram av dette, er spørsmålet om sakskostnader for tingretten avgjort på grunnlag av tvistelova § 20-3, som lyder slik:

**"En part som har fått medhold av betydning uten å vinne saken, jf. § 20-2 kan helt eller delvis tilkjennes sakskostnader av motparten hvis tungtveiende grunner tilsier det. I tillegg til momentene i § 20-2 tredje ledd annet punktum skal det legges særlig vekt på hvor mye parten har fått medhold, og andelen av sakskostnadene som knytter seg til den delen av saken."**

- (46) Ved vurderinga av tungtvegande grunnar er det lagt til grunn for det første at saksøkjarane har fått medhald i "de grunnleggende spørsmålene". Utvalet forstår dette slik at lagmannsretten med dette meiner hovudspørsmåla i saka, slik påstandane var for tingretten. Lagmannsretten har lagt til grunn at det var tvilsamt om saka, slik ho stod for tingretten, var vunnen i sin heilskap, men utan å ta stilling til om resultatet låg på den eine eller den andre sida av grensa. Det er såleis lagt vekt på kor mykje partane har fått medhald.
- (47) Det andre momentet lagmannsretten har lagt vekt på er at meirkostnadene knytte til skadebotkrava var av avgrensa omfang. Fordelinga av sakskostnader på delar av påstanden som vart tekne til følgje og delar som ikkje vart det, er etter føresegna eit relevant omsyn.

- (48) Utvalet kan ut frå dette ikkje sjå at det ligg føre manglar ved grunngivinga hos lagmannsretten ved sakskostnadsavgjerdar for tingretten.
- (49) Når det gjeld sakskostnadene for lagmannsretten, har Wilfred Rohde Garder og Werg AS for det første gjort gjeldande at Anne Aarheim ikkje kan krevje tilkjent meir enn 350 000 kroner ut frå avtalen ho hadde med advokat Harald Kobbe.
- (50) Det er tilstrekkeleg for utvalet å vise til at det var tale om ein avtale som bygde på at det skulle kunne krevjast ytterlegare salær frå eigen part ut over eit minstesalær dersom anken heilt eller delvis førte fram. Ein slik avtale inneber klart inga avgrensing i den retten ein part, og dermed vedkomande advokat, har til å krevje dekt sakskostnader av motparten.
- (51) Det er vidare gjort gjeldande av Wilfred Rohde Garder og Werg AS at det uriktig og utan støtte i påstandane er pålagt solidaransvar for sakskostnadene.
- (52) Utvalet viser til at i saker mellom fleire parter på begge sider gjerne vil vere nærliggjande at det blir solidaransvar. Dette vil ofte vere lagt til grunn i partane sine påstandar, og det kan ikkje utan vidare stillast krav om at retten gir nærmare grunnar for at et slikt ansvar blir nytta.
- (53) Ankepartane, Wilfred Rohde Garder og Werg AS, sette for lagmannsretten fram sams påstand om at dei skulle ”tilkjennes sakskostnader”, utan å seie frå kven. Påstanden lydde slik:
- ”1. **Anken forkastes.**
  - 2. **De ankende parter dømmes in solidum til å erstatte Wilfred Rohde Garder og Werg AS sakens omkostninger.”**
- (54) I sakskostnadsoppgåva frå dei vart det gjort gjeldande at sakskostnadsansvaret for dei ankande partar, Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder, ”i det interne” burde delast i tre like delar. Det vart vidare sagt at sakskostnadene ”fordeler seg med kr. 100.000,- (eks mva) på Wilfred Rohde Garder og det øvrige på Werg AS”.
- (55) Lagmannsretten tilkjende sakskostnader til Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder i fellesskap og dessutan til Anne Aarheim. Wilfred Rohde Garder og Werg AS er pålagt sakskostnadene som solidarisk ansvarlege. Val av form for hefte er ikkje grunngitt.
- (56) For utvalet er det tvilsamt om Wilfred Rohde Garder og Werg AS med det som vart sagt om fordeling meinte å gi uttrykk for meir enn kva som skulle vere fordelinga dersom ikkje krav frå alle tre motpartane førte fram, eller dersom det vart ansvar berre for ein av dei to.
- (57) Spørsmålet må sjåast i lys av at Wilfred Rohde Garder og Werg AS møtte med sams prosessfullmektigar for lagmannsretten og argumenterte samanfallande. Det var dei same grunnleggjande spørsmåla som var reiste for begge. Dette gjorde det særleg nærliggjande for ankemotpartane å vere tydelege på det dersom dei meinte at det ikkje var grunnlag for solidaransvar for sakskostnadene for det tilfelle at begge vart funne ansvarlege.
- (58) Etter utvalet sitt syn låg det såleis ikkje føre omstende som gjorde det nødvendig for lagmannsretten å gi grunnar for val av solidaransvar for sakskostnadene.
- (59) Det ligg då ikkje føre nokon saksbehandlingsfeil når spørsmålet om solidaransvar ikkje er drøfta.

- (60) Dei særskilde ankane frå Wilfred Rohde Garder og Werg AS over lagmannsrettens sakskostnadsavgjelder fører såleis ikkje fram.
- (61) Utvalet går over til å sjå på dei avleidde ankane frå Ole Christian Schrøder, Anne Aarheim og Ruth Schrøder. Desse ankane gjeld sakskostnadene for lagmannsretten som vart sett ned fordi dei gjekk ut over det som var rimeleg i saka, jf. tvistelova § 20-5 første ledd andre punktum, jf. første punktum.
- (62) Lagmannsretten har vist til at det ved vurderinga av om det var tale om nødvendige kostnader, jf. tvistelova § 20-5 første ledd første punktum, vil ”være av en viss betydning at det foreligger avtaler om resultatavhengig salær”. Utvalet kan ikkje sjå at slike avtalar, som inneber redusert salær der parten ikkje vinn fram eller eventuelt vinn fram utan å bli tilkjent sakskostnader, kan ha innverknad på salærer i dei tilfelle der parten vinn fram og skal tilkjennast dekning av nødvendige sakskostnader. Det må leggjast til grunn at avtalane i saka, som er refererte i lagmannsrettsdommen, ikkje inneber at det skal svarast salær ut over det som i mangel av ein slik avtale ville vore vanleg salær.
- (63) Etter at det er sagt at saka gjaldt store verdiar ”anslagsvis i området 50-100 millioner kroner” uttalar lagmannsretten:

**”Bortsett fra Werg AS, som er et selskap eid av Wilfred Rohde Garder, er partene i saken enkeltpersoner. Det må legges til grunn at ingen av disse er i besittelse av svært store verdier utover de verdiene som saken gjelder. Dette må tillegges vesentlig vekt ved forholdsmessighetsvurderingen.”**

- (64) Det vil etter omstenda vere grunnlag for å sjå på storleiken av sakskostnadene som skal påleggjast, ut frå verdien på tvistegjenstanden. Og det vil vidare kunne vere grunnlag for å vurdere sakskostnadene ut frå om det er tale om privatpersonar, med avgrensa økonomi, eller om det til dømes er tale om offentlege organ eller større føretak. Men i ei tilstrekkeleg brei vurdering må det då også takast omsyn til kva som er grunnlaget for at eit søksmål eller ein anke har ført fram. Lagmannsretten skulle derfor ha sett på dette spørsmålet også i høve til det retten la til grunn når dei aktuelle avtalane vart kjende ugyldige med grunnlag i avtalelova § 33 for to av dei og avtalelova § 36 for ein av dei. På dette punktet er det såleis ikkje gjort ei tilstrekkeleg brei vurdering av lagmannsretten.

- (65) I lagmannsrettsdommen heiter det om omfanget på arbeidet:

**”Saken har vært lagt svært bredt opp fra begge sider. Ankemotpartenes samlede kostnader er tilnærmet på samme nivå som det kostnadskravet som er fremmet fra de ankende parter. Etter lagmannsrettens syn bærer partene et felles ansvar for sakens omfang. Retten kan ikke se at den ene siden mer enn den andre har bidratt til å ”blåse opp” saken.**

**Ved den omfattende saksforberedelsen for lagmannsretten er det fremkommet en rekke nye bevis. Enkelte av disse har klart vært av betydning for rettens avgjørelse. Lagmannsrettens samlede vurdering er likevel at de kostnadskrav som er fremmet fra de ankende parter, vesentlig overstiger de kostnader som det har vært rimelig å pådra i denne saken.”**

- (66) Utvalet kan ikkje sjå at det kan byggjast på at det er eit felles ansvar for ankepartane og ankemotpartane at saka vart lagt for breitt opp. Dette må vurderast for kvar side og for kvar part. Lagmannsretten har såleis ikkje teke stilling til om saka eventuelt vart lagt for breitt opp av Ole Christian Schrøder og Ruth Schrøder ved deira prosessfullmektig eller eventuelt av Anne Aarheim og hennar prosessfullmektig.

## 1 0

- (67) Lagmannsretten synest å ha sett på kostnadene for dei to prosessfullmektigane til ankepartane under eitt. Det er i utgangspunktet ikkje grunnlag for slik samla vurdering, jf. også tvistelova § 20-6 første ledd. I visse tilfelle kan dei faktiske omstenda vere slik at det ikkje er rimeleg at partane på same side har kvar sine prosessfullmektigar, jf. Rt. 1984 side 956. Tilsvarande kan tilhøva vere slik at det kan stillast krav om samarbeid mellom prosessfullmektigane i saka og eventuelt om deling av arbeidet med spørsmål i saka. Men dette må vurderast ut frå mellom anna graden av samanfall av tvistetema, kompleksiteten i saka og ut frå dei interessene som står på spel. Også den tyngde motparten har i sitt prosessopplegg, mellom anna med fleire prosessfullmektigar eller sakunnige, må ha vekt. Etter som lagmannsrettens avgjerd i sakkostnadsspørsmålet i alle tilfelle må opphevast, går utvalet ikkje nærrare inn på dette spørsmålet, men legg til grunn at det blir vurdert i den nye avgjerda.
- (68) Utvalet er såleis kome til at det ligg føre slike saksbehandlingsfeil ved utmålinga av sakkostnadene at lagmannsrettens sakkostnadsavgjerd må opphevast.
- (69) Ut frå resultatet må Wilfred Rohde Garder og Werg AS betale motpartane sine sakkostnader for utvalet, jf. tvistelova § 20-2 første ledd.
- (70) Sakkostnadene som gjeld dei særskilte sakkostnadsankane og dei avleidde ankane til desse, er tekne med i sakkostnadsavgjarda for ankane over dommen.
- (71) Avgjerala er samrøystes.

### S L U T N I N G :

I hovudsankane:

Ankane frå Wilfred Rohde Garder og frå Werg AS blir forkasta.

I dei avleidde ankane:

Lagmannsrettens dom, domslutninga post 7 og 8, blir oppheva.

Magnus Matningsdal  
(sign.)

Liv Gjølstad  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Rett utskrift: